



Notat

Dato: 15.01.2016
Arkivsak: 2016/416-3
Saksbehandlar: kjedoss

Til: Fylkesutvalet

Fra: Fylkesrådmannen

Rutine for bruk av lærlingeklausulen i HFK sine kontraktar

Innleiing

Lærlingeklausulen er tatt inn i forskrift om offentlige anskaffelser §3-11 (3):

For arbeid som skal utføres i Norge, kan oppdragsgiver sette som betingelse for gjennomføringen av kontrakten at leverandøren skal være tilknyttet en offentlig godkjent lærlingordning. Oppdragsgiver skal da også kreve at det benyttes lærlinger på den konkrete kontrakten. Slike betingelser kan likevel kun settes dersom det er et klart definert behov for lærlingplasser i den aktuelle bransje.

Det er altså no slik at om ein krev at leverandøren er tilknytt ein offentleg godkjent lærlingordning, så må ein også krevje at det vert nyttा lærling på den aktuelle kontrakten. Føresetnaden er då at det er eit «klart definert behov for lærlingplassar» i bransjen.

Til orientering gjeld dette berre førebels. Lærlingeklausulen vil bli tatt inn i lova sommaren 2016, og det vil bli utarbeidd ei eiga forskrift med nærmare regulering av bruk av lærlingar i offentlege kontraktar.

Innkjøpsseksjonen ønsker likevel å bidra til å sikre god bruk av lærlingeklausulen fram til endringane er på plass. Det inneber at vi tilrår ei positiv innstilling til å ta med krav til lærling, ei vid forståing av kva som ligg i formuleringa «klart definert behov for lærlingplassar» og ein tett dialog med fagopplæring.

Då behovet for lærlingplassar handlar både om lærlingens og samfunnets behov er fagopplæring er av den oppfatning at det generelt er behov for lærlingar i alle bransjar/fag. Fram til nærmere retningslinjer knytt til dette er vedtekne, vel HFK å tolke fråsegna vidt. Vi legg difor til grunn at ein i utgangspunktet skal ha lærlingar i alle kontraktar.

KS, Difi, Fellesforbundet og Byggenærings Landsforbund har laga nokre seriøsitetskrav, der krav til lærling inngår. Kontraktskravet inneber at 7 % av arbeidde timer skal utførast av lærlingar. For kontraktar knytt til bygg- og anlegg, tilrår vi bruk av denne klausulen slik den står. Meir informasjon om seriøsitetskrava finn du her: <http://www.anskaffelser.no/verktøy-seriositetsbestemmelser-bygg-og-anleggskontrakter>.

For alle kontraktar som ikkje gjeld bygg og anlegg, tilrår vi bruk av klausulen i noko moderert form. Det vil seie at vi opnar for å redusere prosentsatsen og for at kravet om bruk av lærling kan fråvikast heilt ved særlege tilfelle. Dette for å sikre at leverandøren og vi får ein kontrakt som fungerer og at vi klarar å følgje opp våre eigne krav.

Rutinen er sendt på høyring til Skyss, Bybanen Utbygging og Eigedomsavdelinga.
På bakgrunn av dette har innkjøpsseksjonen utarbeidd rutine for bruk av lærlingklausulen.

Vedlegg: Rutine for bruk av lærlingklausulen i HFK sine kontraktar